

## Innspel til dyrevelferdsmeldinga; rett til permisjon for å sikre dyrevelferd

Ein ung bonde på Voss som arbeider i Voss herad søkte hausten 2021 om uløna permisjon hjå heradet under lamminga i mai 2022. Ho fekk avslag på søknaden. Dei fleste som driv landbruk i Voss Herad er deltidsbønder, mellom anna fordi lønsemda i næringa er dårleg. Arbeidsmengda som bonde varierer mykje gjennom året med store arbeidstoppar til dømes i lamminga. Lamminga legg grunnlaget for heile året som sauebonde. Og det har stor innverknad både økonomisk og mentalt. Problemstillinga blei løfta i Heradsstyret på Voss, men problemstillinga er av nasjonal karakter og difor burde ein sikre bonden rett til å ivareta velferda til dyra sine.

Det er mange bønder som jobbar 100% ved sida av å drive gard. Somme vil i periodar ha behov for å ta ut permisjon, men dei som ikkje fått tatt ut permisjon blir nøydt til å ta ut ferie eller slutte i arbeidet sin for å ivareta dyrevelferda under lamming, kalving og når purka grisar t.d.

I permisjonsreglementet burde det vore felt inn at bønder har rett på uløna permisjon for å sikre dyrevelferd dersom ein arbeidar i offentleg sektor. Aller helst burde permisjon naudsynt for å sikre dyrevelferd vore felt inn som velferdspermisjon.

I forskrift om velferd for småfe står det:

*§ 4 Småfe skal behandles forsvarlig og omsorgsfullt, og ein skal ta hensyn til dyrenes mentale og fysiologiske behov. Småfe skal beskyttes mot fare for unødig lidelse.*

*§ 19 Tilsyn og stell Ved mistanke om økt fare må tilsynet intensiveres slik at forhold som kan medføre dårlig velferd, sjuke, skada dyr vert oppdaga så tidlig som råd er.*

**Voss SP føreslår difor at ein går inn og endrar permisjonsreglementet for å sikre at alle bønder i offentleg sektor i Noreg rett til å ta ut uløna permisjon dersom det er naudsynt for å sikre dyrevelferda til dyra sine.** Endå betre hadde det vore om ein kunne fått på plass ei refusjonsordning for arbeidsgjevarar for utbetaling av velferdspermisjon som er naudsynt for å kunne ivareta dyrevelferda i landbruket under t.d. lamming, kalving og når purka grisar.

Noreg treng bonden, ikkje berre storbøndene som er bonde på heiltid, men Noreg treng også småbøndene.

Voss SP

v/ Anita Jordalen, Hilde Lussand Selheim og Tonje Såkvitne